

| Kompetanseutvikling – korte kurs | | | | | | |
|----------------------------------|-----------------------------------|----------|----------------|---|---|-----------------|
| Tiltak | Søkjær | Sum søkt | Total-budsjett | Kort omtale | Vurdering | Tilråding - sum |
| 1. Kurs i grovforøkonomi | Norsk Landbruks-rådgiving Vest SA | 45 000 | 75 000 | <p>Mykje eigenprodusert grovfôr av god kvalitet gjev den beste økonomien i husdyrproduksjonen. Om grovfôret vert produsert med låge kostnader gjev det den aller beste lønsemda. Ved å tilby kurs i grovfôrøkonomi ynskjer NLR å skape motivasjon og interesse blant husdyrprodusentane til å gå inn i analysen av grovfôrøkonomien i eiga drift, og nytte resultatane vidare for å setje i verk tiltak for å betre lønsemda i drifta.</p> <p>Kurset skal gje deltakarane grunnleggande kunnskap om grovfôrøkonomi, bruk av analyseverktøy og nøkkeltal for å vurdere eiga drift. Kursdeltakarane skal arbeide med eigne mål for reduksjon av grovfôrkostnader og betring av lønsemda. I løpet av kurset bør kursdeltakarane ha gjennomført tiltak som har redusert grovfôrkostnadene med 10 – 20%. Kurset er lagt opp med tre samlingar for kursdeltakarane og individuell rådgjeving mellom samlingane.</p> <p>Analyseresultatane som har kome fram i prosjektet Grovfôr 2020, vil bli nytta som grunnlag i kurset. Kurset skal gå i 2020.</p> | <p>Grovfôrbasert husdyrhald er bærande produksjonar i fylket. Å tilby kurs for å redusere grovfôrkostnadane, og såleis betre lønsemda er eit tilbod som potensielt kan nå, og vere viktig for mange bønder.</p> <p>Det har blitt gitt mange tilskot til ulike grovfôrprosjekt frå RK-midlane oppgjennom. Vi kunne såleis vurdert om det er andre tema som burde blitt prioritert i år. Vi legg likevel vekt på at dette er eit tema som er sentralt for mange og som potensielt kan auke lønsemda for mange bruk. Vi legg også vekt på at det er eit kurs med fleire samlingar og individuell rådgjeving mellom samlingane.</p> | 45 000 |
| 2. Kurs i produksjon av småpotet | Norsk Landbruks-rådgiving Vest SA | 29 000 | 40 300 | <p>Både hotell- og restaurantbransjen, og private forbrukarar etterspør små delikatessepoteter. Den franske Amadine-poteten dominerer på marknaden, og det har vore arbeid for å få fram norske sortar med tilsvarande eigenskapar. Sortsutvikling er eit tidkrevjande arbeid, og produksjonen av småpotet viser seg å vere lite lønsam på grunn av låg avling per dekar.</p> <p>Kurset skal gje potetdyrkarane kompetanse i produksjon av småpotet for delikatessemarknaden. Gjennom eit kombinert kurs og markdag skal potetdyrkarar få kunnskap om dyrkingsteknikk ved bruk av vanlege potetsortar i produksjon av småpoteter.</p> <p>Som langsiktig resultat ønskjer ein å få etablert produksjon av småpotet i Sogn og Fjordane. Som effekt på kortare sikt, ønskjer ein at deltakarane skal få kunnskap og inspirasjon til å prøve ut småpotetdyrking i mindre skala på eigen gard sesongen 2020.</p> <p>Kurset skal gjennomførast i juni/juli 2019, med til planlegging og marknadsføring i førekont, og evaluering og rapportering i etterkant.</p> | <p>Det er eit potensiale for meir dyrking av potet i fylket. Det er positivt med prosjekt som vil vidareutvikle, og rette seg mot nye markadar og nisjar. Vi ser det også som meir attraktivt for nyetableringar om miljøet er i front med utviklingstiltak.</p> | 29 000 |

| | | | | | | |
|---|----------------------------------|--------|---------|--|---|--------|
| 3. Kunnskapsbasert beitebruk | Norsk Landbruksrådgiving Vest SA | 89 000 | 129 450 | <p>I Sogn og Fjordane utgjør dyrka mark og innmarksbeite kring 3,5 prosent av landarealet. Resten av arealet er utmarksareal av ulike slag. Beiting er framleis heilt avgjerande for å nytta heile landskapet. Det er stor skilnad mellom utnytingsgraden av beiteareala i fylket.</p> <p>Norsk Landbruksrådgiving Vest SA ynskjer å halde 5 fagmøte, med jamn geografisk fordeling i Sogn og Fjordane, med eit breitt fokus på beitebruk. God beitebruk er avgjerande for å optimalisere utnyttinga av beitegrunnlaget og samstundes oppretthalda ei berekraftig ressursbruk, sikre god driftsøkonomi og bidra til å nå klimamåla for landbruket. Beiting kan i mange tilfelle bidra positivt i samband med utslepp av klimagassar. Feil beitestrategi, kan derimot medverke til auka utslepp av klimagassar.</p> <p>Møta skal haldast i perioden august 2019 - mai 2020. Som oppfølging til fagmøta skal det arrangerast markdagar i beitesesongen 2019. Tema er beiteskjøtsel, ulike beitestrategiar, klimasmart beiting, gjerdehald, og gjeldande lovverk.</p> | <p>Det er viktig å best mogleg nytte dei gode beiteressursane som vi har her i fylket. Det er viktig både for å nytte ressursane og innteninga på gardane betre, men og for omsyn som å hindre attgroing, og for reiselivet. Det er også positivt at prosjektet tek opp i seg klimaomsyna.</p> <p>i fjor fekk vi ein søknad om tilskot til beitefagdagar hovudsakleg i Gaular/HAFS. Den nådde ikkje opp i konkurransen på grunn av avgrensa geografi. No har vi fått ein søknad om arbeid med å nytte beite som ressurs i heile fylket, og meiner den bør prioriterast.</p> | 89 000 |
| 4. Kursserie for frukt og bærprodusentar | Norsk Landbruksrådgiving Vest SA | 74 000 | 74 000 | <p>Frå medlemmane i NLR Vest har det kome ønske om temakvelder som handlar om ulike tema innan planteproduksjon. NLR har både i 2017, og 2018 gjennomført eit nybyrjarkurs i fruktdyrking, men det viser seg at også etablerte produsentar kan tenke seg å lære meir om grunnleggjande plantedyrking.</p> <p>Det blir arrangert ei rekkje andre fagmøter i region Vest kvart år, men dette er tenkt som ein samanhengande kursserie, delvis på tvers av kulturar.</p> <p>Kursserien skal gjennomførast haust/vinter 2019-20, med 9 ulike kurskveldar (3 kveldar i Hardanger, 3 kveldar i Sogn og 3 kveldar i Nordfjord). Dei fleste kursa skal handle om tema som er felles for alle kulturar, men enkelte tema vil også være meir spesialisert. Søkjar vil gjere opptak av alle kursa, og gjere tilgjengeleg på video for medlemmar i etterkant. Kursa kan også gjerast tilgjengeleg for andre, til ein litt høgare kurspris.</p> | <p>Innan hagebruket har det vore ei positiv utvikling, og fylket har hatt gode resultat på frukt og bær dei siste åra. Men for at vi skal greie å halde på, og auke produksjonen samla av frukt og bær, kan det vere positivt med auka kunnskap om dyrkingsteknikk og sortar også hjå etablerte produsentar.</p> <p>Vi ser at det kanskje ikkje er naturleg med like stor eigendel/kursavgift ved utprøving av nettkurs. Men meiner det burde vore noko eigendel i kurset. Det er også ein føresetnad at kursa blir gjort tilgjengeleg for alle, ikkje berre NLR sine medlemmar. Utan ein eigendel frå NLR er det ikkje naturleg med ulike pris for medlemmar og ikkje medlemmar.</p> | 60 000 |
| 5. Strategi for å stogge utbreiing for Svartsøtvier | Norsk Landbruksrådgiving Vest SA | 38 000 | 59 000 | <p>På Aust- og Sørlandet er Svartsøtvier eit alvorleg problem i gulrot og tidlegpotet. I 2018 vart ugrasarten oppdaga i Lærdal, og ein ser svært alvorleg på funnet. Saman med dyrkarmiljøet i Lærdal ønskjer NLR Vest å utarbeide ein strategi for å avgrense, og om mogeleg stogge utbreiinga av planten i vårt fylke.</p> <p>NLR Vest vil saman med dyrkarmiljøet i Lærdal gjere ein serie tiltak for å få kontroll på ugraset. I prosjektet skal ein kartlegge utbreiinga, finne mogelege smittekjelder, etablere strategiar for å hindre vidare spreing og informere og mobilisere breitt for å fjerne ugraset.</p> | <p>Vi er usikre på NLR si rolle når det gjeld svartelista plantar. Dette har også mest preg av eit prosjekt/tiltaksplan, og når ikkje opp i vurderinga innan denne ordninga. Vi har saman med fylkesmannen vurdert at denne søknaden treff best under UTM-utlysinga, og søknaden vil bli grundigare vurdert av fylkesmannen.</p> | 0 |

| | | | | | | |
|--|----------------------------------|--------|---------|--|---|--------|
| 6. Kan satellittfoto og dronefotografering vere verktøy for vestlandslandbruket? | Norsk Landbruksrådgiving Vest SA | 88 000 | 147 500 | <p>Ulike verktøy og teknikkar innan presisjonslandbruk vert utvikla raskt, og pris og tilgjenge vil endrast frå å vere reiskap for store bruk, til å bli tilgjengelege også under Vestlandsforhold.</p> <p>Crop Sat, Agrodroner og dronefotografering er alle verktøy som kan vere til hjelp i praktisk landbruk. NLR Vest vil teste ut og demonstrere desse verktøya i praktisk bruk i ulike deler av vekstsesongen 2019-2020, og vurdere kva nytte dei kan ha for Vestlandsbonden. Kunnskapen skal formidlast til bønder gjennom eit kortkurs våren 2020 og ein fagartikkel etter andre vekstsesong.</p> <p>Felles for alle tre verktøya er at dei har potensiale til å endre måten ein arbeider på i landbruket. Med dette prosjektet ønskjer søkjar å lære meir om kva praktisk bruk ein kan ha av desse verktøya i Vestlandslandbruket, samt formidle denne kunnskapen til bonden.</p> | <p>Vi meiner dette prosjektet i hovudsak har form av eit utviklingsprosjekt som passar betre innan UTM-midlane, sjølv om det ligg noko formidlingsaktivitet inne. I denne samanheng når prosjektet ikkje opp. Men søknaden blir oversendt FM, og vurdert også der.</p> | 0 |
| 7. Rettleiing i optimal sprøyteteknikk | Norsk Landbruksrådgiving Vest SA | 96 975 | 129 300 | <p>Medan dei to søknadane ovanfor er sendt inn til denne ordninga, og vurdert til å passe best under UTM-midlar, - så er denne søknaden sendt inn til UTM, og vurdert til å passe best her.</p> <p>I den nye plantevernforskrifta frå 2015 er det lagt vekt på at spreieing av plantevernmiddel ikkje skal skje til ulempe for naboeigedomar, og heller ikkje ureine opne vatn og bekkar i tilknytning til dyrka mark. Riktig innstilling og bruk av tåkesprøyter er heilt avgjerande for å redusere avdrift ved luftassistert sprøyting. Målet er å gje best mogleg dekning i kulturen samtidig som avdrifta blir redusert til eit minimum.</p> <p>Det er dei siste åra gjennomført fleire prosjekt på sprøyteteknikk med tåkesprøyte. Det er samla mykje kunnskap både gjennom eigne utprøvingar og innhenting av kunnskap frå utlandet. Alle prosjekt har inkludert formidling, men det manglar ei oppdatert, samla, lettforståeleg rettleiing for «best practice» på tåkesprøyting.</p> <p>Dette tiltaket skal gå i 2019, og består av samling av prosjektrapportar, utarbeiding av rettleiing, utarbeiding av excelbasert verktøy, demonstrasjonskjøring på markdagar i Hardanger, Sogn og Nordfjord, evaluering og informasjonsarbeid.</p> | <p>Det er mykje å hente på presis sprøyting, mellom anna med tanke på ureining til jord og vatn, og klimaomsyn. Det er bra at ein bygger vidare på gjennomførte prosjekt og formidlar erfaringane frå dei. Vi vel difor å støtte dette prosjektet.</p> <p>Vi ynskjer å prioritere den delen som går på kurs og rettleiing direkte mot bøndene, og tilskotet blir difor mindre enn søkt om. Det er noko usikkerheit knytt til nytt regelverk, og vi føreset at kurset ikkje blir gjennomført rett før det eventuelt kjem større endringar i regelverk. På grunn av avgrensa ressursar ber vi også om at aktivitet i Sogn og Fjordane blir prioritert denne gongen.</p> | 51 975 |

| | | | | | | |
|---|------------------------------|---------|---------|---|---|---------|
| 8. Korte kurs | Mo og Øyrane vgs. | 333 100 | 739 300 | <p>Prosjektet går ut på å arrangere 13 ulike kurs i 2019/2020. Dei aller fleste kursa er knytt opp mot ulike dokumentasjonskrav i næringa. Målet med kursa er at deltakarane får den kompetansen som næringa krev og har behov for, og at deltakarane får dokumentasjon og kursbevis på sine kvalifikasjonar.</p> <p>Effekten av prosjektet er meir kunnskap og auka tryggleik i landbruket, og for samfunnet elles. I tillegg får bøndene dokumentert kompetansen sin og kan lettare ta på seg oppdrag utanfor gardsbruket.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sveisekurs • Traktorkurs • Autorisasjonskurs i plantevern • Laftekurs • Kurs i Varme arbeid • Grunnleggjande kurs i arbeidsmiljø, ansvar og konsekvensar • Kurs i Masseforflyttingsmaskin (maskinførarkurs) • Truckkurs • Stilaskurs • Fallsikringskurs • Farlege småverktøy • Instruert personell • Gnagemiddelkurs (autorisasjonskurs) <p>Nærare omtale av dei ulike kursa i søknaden.</p> | <p>Dette er stort sett etterspurde kurs, sjølv om etterspurnaden kan variere mellom åra. Vi ynskjer difor å støtte kursa som tidlegare. Det er også positivt at det er stor grad av eigenfinansiering, slik at det blir tilbydd mange kurs for midlane. Men det er også naturleg at det er betalingsvilje for ein del av desse sertifiseringskursa. Det er også positivt at bøndene får dokumentert kompetansen sin og at det er bygd opp eit kompetansesenter for landbruksertifisering som ramme rundt desse kursa.</p> <p>I 2018 var det mange søknader og vi fann det rett å støtte fleire ulike aktørar og tema. Tilskotet til korte kurs ved Mo og Øyrane vart redusert frå 230 600 kr. i 2017 til 205 000 kr. i 2018. I 2019 legg vi oss på same nivå. Vi ber skulen vurdere kva grep som må gjerast ut frå dette, men ynskjer at kurs som legg grunnlag for at bøndene lettare kan ta på seg oppdrag utanfor bruket og kurs som er direkte avgjerande for produksjonen vert prioritert.</p> | 205 000 |
| 9. Søknad om tilskot til korte kurs i skogbruket i Sogn og Fjordane | Sogn og Fjordane skogselskap | 160 000 | 203 000 | <p>Sogn og Fjordane Skogselskap søker om midlar til å arrangere til saman 17 dagskurs for skogeigarar, og for ungdom med skoginteresse lokalt kring i kommunane i fylket. Kursa vert organiserte og gjennomførte ved eit samarbeid mellom søkjaren, prosjektleiarer, skogbruksinstruktør og landbruksforvaltninga i kommunane i fylket, som sit med lokalkunnskap om kor trongen for kursinnsats er størst.</p> <p>Det er vald ut 4 ulike kategoriar kurs; tømmerkapping for skogeigarar, skogfondkurs, kurs for nye skogeigarar, motorsagkurs for ungdommar. Kurset skal auke kompetansen hos deltakarane, gjere dei meir interesserte i skogbruksnæringa og stimulere til vidare utdanning i næringa. Prosjektet tek sikte på å nå fram til i alt 300 kursdeltakarar.</p> <p>Effektane for næringsutøvarane vil verte eit betre, tryggare og meir lønsamt skogbruk. For samfunnet vil nytteverknaden vere større avverikingsaktivitet av den fornybare ressursen skog og betre og meir verdiskapande utnytting av den tømmerressursen som vert teken ut. Sogn og Fjordane Skogselskap fekk tilskot til tilsvarende kurs i sesongen 18/19. Dei seier røynslene er gode, med gode deltakartal. Reiseavstandar har gjort tidsbruket og kostnadane større enn føresett, og i denne søknaden er tal kurs redusert noko frå 2018.</p> | <p>Det er eit stort potensiale for auka verdiskaping i skogbruket i fylket. Etter mange år utan større tiltak innan skog blant søknadane, så søkte Sogn og Fjordane Skogselskap om tilskot til korte kurs innan skogbruket i 2018. Dei fekk 125 000 kr. i 2018. Det er ynskjeleg å støtte tiltak som kan bidra til rekruttering og kompetanseheving også innan skogbruket. Vi ynskjer difor å støtte desse kursa også i 2019. Vi ber Skogselskapet om informasjon om behov for sertifiseringskurs for ungdom.</p> | 146 230 |

| | | | | | | |
|--|----------------------|--------|--------|---|---|--------|
| 10. Sikker og effektiv lyngbrenning | Solund kommune | 30 000 | 30 000 | <p>Storparten av Solund kommune består av lyngheier i attgroingsfasen. Det er stor interesse for villsaudrifta i kommunen. Men mange av villsaubøndene kvir seg med å svi lyng andre stadar enn på øyer som ikkje er bebygde. Det gjer at det er eit stort etterslep på brenning av lyngheiene.</p> <p>Det vert leigd inn kurshaldar frå Haugaland lyngbrannreserve. Det vert teori og øving i felt. Haugaland Lyngbrannreserve har fått stor merksemd langs kysten for bruk av løvblåsarar ved lyngbrenning. Dei styrer brannen ved bruk av løvblåsarane og oppnår høg grad av tryggleik og effektivitet. Solund kommune har no kjøpt inn to typar løvblåsarar som vi vil låne ut til lyngbrenning etter kurset.</p> <p>Prosjekt målet er å bygge kompetanse hjå villsaubøndene og det lokale brannvesen om effektiv og sikker teknikk for lyngbrenning.</p> | <p>Dette er eit aktuelt kurs, om eit tema der det er behov for kunnskap. Både med tanke på tryggleik, og at det er behov for å brenne meir lyng. Det er også positivt med søknader frå nye søkjarar til desse midlane. Vi ynskjer å støtte kurset, men med eit krav er at det vil vere ope for alle interessentar og marknadsført i regionen.</p> | 30 000 |
| 11. Kurs i dyking og bearbeiding av kortreist mat for elevar i ungdomsskulen | Gloppen ungdomsskule | 8 000 | 10 000 | <p>Prosjektet er eit samarbeid med stiftinga for "Karnilstunet" i Gloppen, der elevane får lære om landbruk og produksjon av mat før og no.</p> <p>Bakgrunn er eit ønske om at elevane skal oppnå kompetansemål i læreplanane gjennom praktisk arbeid. Garden Karnils ligg i gangavstand frå skulen, og stiftinga for garden er oppteken av å halde den ved like for at mellom anna elevar skal kunne bruke garden som læringsarena.</p> <p>Det omsøkte tilskotet skal nyttast til frø, reiskap og materiell til utarbeid, steiketakke til hellebakst, og leiga av garden.</p> | <p>Det er positivt at elevane får prøve seg praktisk i samanheng med faga. Vi tenkjer likevel at støtte til innkjøp av utstyr ligg utanfor det desse midlane bør brukast til, og vi prioriterer motorsagkurset frå same søkjar.</p> | 0 |
| 12. Kurs i grunnleggjande vedlikehald og bruk av motorsag for elevar i grunnskulen | Gloppen ungdomsskule | 17 100 | 22 800 | <p>Gloppen ungdomsskule ynskjer å kunne tilby elevar i 10.klasse kurs i grunnleggjande vedlikehald og bruk av motorsag, som ein del av faget Arbeidslivsfag. Målet med faget er at elevar skal få erfaring med ulike utdanningsprogram i den vidaregåande skulen.</p> <p>Søkjar håpar kurset kan vere med å auke rekruttering til naturbruk og skogbruk. Det vil også gje kompetanseheving til ungdom som kjem frå gardar der dei etter gjennomført kurs kan bidra til å styrkje verdiskapinga i landbruket.</p> <p>Vidare er målet at prosjektet skal auke elevane si interesse for, og motivasjon for å arbeide med naturbruk / skogbruk. Uansett vil ei positiv oppleving gjennom eit slikt kurs auke omdømmet til landbruksnæringa hjå elevane.</p> <p>Kurset skal gjennomførast i løpet av skuleåret 2019/2020. Kurset går over 15 timar, og det vert leigd inn instruktør frå Vestskog.</p> | <p>Tiltaket er tett kopla til rekruttering til naturbruksutdanning gjennom arbeidslivsfag, og vi synest det er positivt at skulen gjer noko ekstra ut av faget. Skulen fekk også tilskot i 2017, men nytta seg ikkje av det då dei fekk finansiering frå andre.</p> | 17 100 |

| | | | | | | |
|--|------------------------------|------------------|------------------|--|--|----------------|
| 13. Utpøving av rettleiingstilbod innan allsidig småskala frukt og bær | Sogn Jord og Hagebruks-skule | 47 400 | 112 500 | <p>Innanfor fruktdyrking og dei godt etablerte økologiske vekstane som jordbær, frukt (plomme og eple, tettplantning) og bringebær kjem det nye dyrkningsmanualar kor det vert integrert og oppdatert øko-informasjon. Men innanfor bærbuskar som rips, solbær, stikkelsbær, bjørnebær, kvede, blåbær, er det ikkje laga dyrkingsrettleiarar med økologisk informasjon integrert. Og strategiar for samplanting i eit langsiktig perspektiv finst det ikkje kursmateriale eller råd om korleis dette kan gjerast innanfor fleirårige kulturar. I 2018 fekk SJH 62 000 kr. til ein rettleiar/kurskompendium for drift av ein slik diversifisert hage, og eit pilotkurs.</p> <p>SJH seier det har vore overveldande interesse for prosjektet, og det er tatt opp 28 deltakarar på kurset. Deltakarane etterspør fagspesifikk rettleiing som ikkje ligg inne i tilbodet i dag. NLR har ikkje rådgjevingstilbod til denne brukargruppa i dag. SJH ynskjer å legge inn 3 timar fagspesifikk rettleiing per deltakar som ei utpøving for å sjå om det kan bidra til å få på plass eit rådgjevingstilbod til denne gruppa. Rettleiingsarbeidet er ei utviding av oppstarta kurs, og rettleiinga vil skje i tilknytning til kursamlingar og ved gjennomgang av prosjektplanar.</p> | <p>Det er eit stort potensiale for meir sal av økologisk frukt, og det må gjerast ein jobb for å få meir økologisk frukt og bær fram mot marknaden. Det er også aukande etterspørsel etter økologiske produkt. Når vi gav tilskot til prosjektet i fjor meinte vi at det var eit potensielt viktig prosjekt dersom det lukkast. Vi ser no at det er svært stor interesse for kurset, noko som er gledeleg.</p> <p>På grunn av mange gode søknader i fjor hadde vi ikkje rom for å støtte prosjektet med omsøkt sum. Vi meiner rettleiingstilbodet innan økologisk produksjon er ei god utviding av eksisterande prosjekt. Dersom ein lukkast i å få i stand eit fast rådgjevingstilbod ville det være eit godt resultat for prosjektet. Vi ynskjer difor å støtte utvidinga av prosjektet.</p> | 47 400 |
| SUM KORTE KURS | | 1 055 575 | 1 772 150 | | | 720 705 |

Utviklingsprosjekt innan rekruttering og kompetanseheving

| Tiltak | Søklar | Sum søkt | Total-budsjett | Kort omtale | Vurdering | Tilråding - sum |
|---|-------------------|----------|----------------|---|--|-----------------|
| 14. Rekruttering til naturbruksutdanning i Sogn og Fjordane | Mo og Øyrane vgs. | 350 000 | 653 000 | <p>Prosjektet går ut på å koordinere og gjennomføre ulike rekrutteringstiltak, som til saman skal gje nok søklarar til grøn naturbruksutdanning. Hovudaktiviteten er retta direkte mot ungdomsskulane i heile fylket for å rekruttere fleire elevar til Vg1 naturbruk.</p> <p>Gjennom året kan elevar frå ungdomsskulane i fylket kome til Mo på hospitering innan ulike fagfelt. Skulen vil dra ut og informere om naturbruksutdanning til dei ungdomsskulane som er interesserte. Her vil elevar ved Mo og Øyrane delta.</p> <p>Skulen vil arrangere utdanningsval vår og haust for 9. og for 10. klasse.</p> <p>Etter skuleslutt kan ungdomsskuleelevar frå 8. og 9. klasse kome til Mo og vere på ungdomscamp ei heil veke. Det er fleire av søklarane til naturbruksutdanninga som har vore ei veke på ungdomscamp på Mo. Dette er difor eit viktig rekrutteringstiltak for å få nok søklarar.</p> <p>Gjennom prosjektet vil ein også delta på bondens marknad, stand og andre arrangement knytt opp mot landbruk.</p> <p>Ein av erfaringane som er gjort, etter fleire år med rekrutteringsarbeid, er at sosiale media spelar ein større rolle i kvar ungdom hentar informasjon. Ein har difor sett behovet for å marknadsføre naturbruk på ein profesjonell og positiv måte gjennom Instagram, Facebook, Snapchat, Livestream m.m.</p> | <p>Skulen gjennomførte eitt treårig prosjekt i 2014-2016. Dei ynskte så å gjennomføre eit prosjekt etter same mal for åra 2017-2019. Både første prosjektperiode og i 2017-2018 fekk skulen støtte frå midlane til rekruttering og kompetanseheving. Prosjektet har hatt, og vil framleis ha ein prosjektleiar i 40% stilling. Dei siste åra har det vore veldig gode søkjartal ved Mo og Øyrane vgs.</p> <p>Arbeidet er viktig, og det vert gjennomført mange ulike aktivitetar. Rekrutteringa til naturbruksutdanninga er auka. Som tidlegare meiner vi det på sikt er det ynskjeleg om ein del av aktiviteten kan inngå som ein del av den vanlege drifta på skulen. Vi meiner likevel dette er eit viktig prosjekt, der ein får gjort mange ulike tiltak og som har lukkast godt. Det er ikkje lagt opp til endringar i planen for 2019. Vi går difor inn med same sum som fjoråret, kr 350 000.</p> | 350 000 |

| | | | | | | |
|---|------------------------------|---------|-----------|---|---|---------|
| 15. Framtid i landbruket skuleåret 2019/2020 | Sogn og Fjordane Bondelag | 150 000 | 640 000 | <p>Hovudmålet er å gje ungdom i 8. og 9. klasse på ungdomsskulen kjennskap til utdanningsveggar og yrkesmoglegheiter innan landbruket i Sogn og Fjordane. Det er også eit mål å styrkje nettverket mellom kommunane, naturbrukskulane og næringa.</p> <p>Skulane integrerer prosjektarbeidet som ein del av undervisningsopplegget knytt til yrkesretteleing, programvalfag, valfag eller andre fag som til dømes natur og miljø. Lokale bondelag legg til rette ved å finne gardbruk eller bønder som kan bidra. Det blir arrangert gardsbesøk over ein heil dag, arbeidstrening for einskildelevar og klassebesøk.</p> <p>Prosjektet vert organisert ved arbeidsgrupper i kvar kommune med representantar frå landbruksnæringa, og skulane. Prosjektet har blitt gjennomført av Sogn og Fjordane Bondelag sidan 2010. Prosjektet vart starta opp i samarbeid med grunnskulen i Nordfjord, og har seinare blitt utvida til å gjelde Jølster, Førde, Naustdal, Gaular, samt Balestrand, Luster, Sogndal, Årdal og Vik i Sogn. Det vert arbeidd med å finne vertsbønder i Fjaler, Hyllestad, Lærdal og Aurland. I Aurland er det eit etablert samarbeid mellom vgs og barneskulen.</p> <p>2019 er siste prosjektår i noverande form. Ei eventuell vidareføring må drøftast med Hordaland.</p> | <p>Det er svært positivt at også representantar for næringa er tilstades på skulane for å bidra til auka rekruttering til naturbruksutdanningane. Det er stor eigeninnsats frå mange aktørar i prosjektet. Prosjektet har gått i fleire år, men utviklar seg ved å utvide til nye ungdomsskular. Det er gode søkjartal til naturbruk i fylket, og slike prosjekt er truleg ein viktig bidragsytar til det.</p> | 150 000 |
| 16. Mjølkeproduksjon ved bruk av robotteknologi | Fagskulen i Sogn og Fjordane | 405 000 | 1 805 000 | <p>Fagskulen i Sogn og Fjordane og Mo og Øyrane vgs avdeling Mo ønskjer å starte opp studiet Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi. Starten ønskjer dei å prosjektfinansiere og deretter søke statleg finansiering gjennom Kunnskapsdepartementet når dei lyser ut midlar til nye studieplassar.</p> <p>Studiet vil gå over to skuleår (fire semester). Studiet vil bli gjennomført som nettstudie med samlingar. Det blir lagt opp til 6 samlingar per skuleår. Samlingane vil gå over 3 dagar med 10 timar undervisning kvar dag. Kommunikasjon, undervisningsmateriell og oppgåver vert lagt på digital læringsplattform. Prosjektet er også nært knytt opp mot teknologiprojekt Campus Førde Verftet. I dette prosjektet vil det vere høve for studentane å nytte laboratorium som inneheld produksjonslinjer med datateknologi, sensorteknologi, automatisering og robotteknologi.</p> <p>Kostnadane i søknaden går mellom anna på administrasjon, innleide fagressursar, marknadsføring, produksjon av digitale læringsressursar, og opplæring/undervisning av undervisningspersonalet.</p> <p>Mo og Øyrane fekk i 2017 eit tilskot på 70 000 frå denne ordninga til å utvikle ein læreplan for eit fagskuletilbod som kunne sendast til godkjenning hjå NOKUT. Vi sa at eit tilskot skulle vere ei eingongslyving og vere utan vidare økonomisk forplikting.</p> <p>I 2018 søkte Mo og Øyrane om midlar til å forlenge eit prosjektengasjementet for å fullføre prosjektet fram mot etablering av fagskule hausten 2019. Vi meinte at arbeid som oppfølging av søknad og utarbeiding av studieplanar er noko som følgjer naturleg av søknaden, og som bør vere ein del av det ordinære arbeidet. Vi meinte likevel at få på plass fagskuletilbodet med god søking er viktig og ynskte å sette av ein sum som hovudsakleg skulle gå til å jobbe med marknadsføring av tilbodet.</p> | <p>Etableringa av eit fagskuletilbod innan tradisjonelt landbruk i Sogn og Fjordane er positivt. Mange bønder vil dei neste åra stå ovanfor teknologiske endringar, og robotmjølking krev ein tilleggskompetanse frå bøndene.</p> <p>Vi har tidlegare signalisert at vi ynskte å støtte den delen som gjekk på marknadsføring, og ikkje det som vart rekna som meir ordinært arbeid med utvikling av studiet. Når ein no går i gang med å etablere studiet gjeld det sama. Sjølv ein ser føre seg ein utprøvningsfase, meiner vi det ligg utanfor det desse midlane bør nyttast til. Når SJH søkte om støtte til gjennomføring av første året i fagskuleutdanninga sa vi dette: "Det er sjølv sagt positivt med eit fagskuletilbod av høg kvalitet. Men vi meiner at slike utfordringar er ein del av drifta av tilbodet som må på plass ved start, og som det må takast høgde for i planleggingsfasen". Slik vi ser det ligg drift av eit fagskuletilbod utanfor det desse midlane skal nyttast til. Vi tenkjer det er naturleg å halde på same praksis.</p> <p>Det er også slik at vi ikkje ser at det er mogleg å finne rom for eit slikt stort og nytt tilskot med dei midlane som er disponible innan denne ramma. Vi meiner likevel at prosjektet er så pass spennande, og viktig for næringa at vi ynsker å vurdere saka nærare utanom denne ordninga.</p> | 0 |

| | | | | | | |
|-------------------------------|---------------------|-----------|-----------|---|---|----------------|
| 17. Hest og friluftsliv | 4H Sogn og Fjordane | 400 000 | 710 000 | <p>Gjennom prosjektet Hest og friluftsliv vil 4H Sogn og Fjordane i lag med Mo og Øyrane vgs synleggjere hesten som ressurs, innanfor fleire bruksområde i friluftsliv og kulturarv.</p> <p>Prosjektet vil gje trygg opplæring i hestefaget til born og ungdom, samt verdifull erfaring til elevar ved Mo og Øyrane VGS.</p> <p>Søkjjar vil fremje interesse og engasjement om hesten, skape naturglede og heve kunnskapsnivået hjå born og ungdom i hestefaget. Dei vil ta vare på og synleggjere hesten som viktig historie-, kultur- og tradisjonsberar på garden og i friluftslivet. Prosjektet vil inspirere enno fleire ut i nærnaturen, saman med hesten som støttespelar og fylgjesven.</p> <p>Prosjektet vil mellom anna gjennomføre 3-4 kurshelgar for ungdom på Mo med tema hesten i friluftslivet og som kulturbærar, utvikle metode for Mo som arena for å gjennomføre 4H prosjekt innan hest, apsirantleir, aktivitetar på opne arrangement på Mo. Prosjektmålet er å engasjere fleire born og ungdomar til å lære om hesten i friluftsliv og som kulturbærar. Prosjektet vil rekruttere enno fleire elevar til naturbruk på vidaregåande nivå.</p> <p>I Hest og friluftsliv byggjer dei på fagkunnskapar og erfaringar hjå hestelinja på Mo og friluftsliv i 4H. Prosjektet er 1 ½-årig og startar opp hausten 2019.</p> | <p>Dette er eit positivt prosjekt med ein ny søkjjar som vil gjennomføre eit prosjekt saman med skulen på Mo. Prosjektet vil truleg ha positive resultat med tanke på folkehelse, aktivitet i friluftsliv og meistring. Koplinga mellom skulen og frivillig sektor er også spanande. Prosjektet kan truleg også bidra til rekruttering til skulen, men kanskje har det meir effekt på hesteretta naturbruk enn agronom. Prosjektet har også eit stort omfang, og vi ser det ikkje som mogleg å løfte ein slik sum innan denne ordninga.</p> | |
| Sum utviklingsprosjekt | | 1 305 000 | 3 808 000 | | | |
| | | | | | | 500 000 |